



Hjelmås Vvs As
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/27 - 17/6340

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
23.02.2017

Svar på søknad om løyve til å knytte fettutskiljar til kommunalt leidningsnett - gbnr 188/534, Gjervik Ytre

Teknisk drift, VVA, syner til brev datert 22.02.2017 vedkomande søknad om løyve til å knytte fettutskiljar med nominell størrelse NS 4 til kommunalt leidningsnett.

Vedtak:

Teknisk drift, VVA, har vurdert søknaden og vil gje Promenaden Eigedom AS, gbnr 188/534 - Gjervik Ytre, løyve til å kople fettutskiljar med nominell størrelse NS 4 til kommunalt leidningsnett på følgjande vilkår:

- Løyve til å kople fettutskiljar, NS4, til kommunalt leidningsnett vert gitt ut i frå innsendt søknad med berekningsgrunnlag for val av størrelse på anlegg. Anlegg skal være plassert i garasjeanlegg som vist på innsendt teikning.
- Tømmefrekvens for anlegg i Lindås kommune er 3-12 gonger i året. For utskiljaranlegg ved **gbnr 188/534 vert tømmefrekvens satt til minimum 4 gonger per år.** Dersom det er behov for tilleggstømmingar utanom faste tømningar, skal anleggseigar ta kontakt med tømmeoperatør for ekstra tømning. Kommunen kan krevje hyppigare tømning dersom vi ser behov for dette.
- For anlegg skal det sendast inn **minimum 2 temperaturlogger per år.** Logging skal utførast i perioder der anlegg er i **full drift og over 3 døgn.** Logging kan ikkje utførast dager når verksemd har stengt. Temperaturlogging skal utførast rett før tømning av anlegg.
- Temperatur i fettutskiljar skal ikkje overstige 25°C. Fett frå ulike kilder har ulike smeltepunkt og ulike eigenskaper. Fett løysast opp ved 20°C og ved temperatur rundt 30°C vil anlegg ikkje lenger fungere. Optimal temperatur i utskiljaranlegg vil derfor være under 20°C.
- Bruk av vaskemildar (såpe) fører til at fett emulgerer og vert vanskeleg å skilje ut i anlegget. Berre godkjente vaskemildar skal nyttast og bruken av desse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at anleggseigar går i dialog med med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse,



for å optimalisere bruken av kjemikalier. Vi gjer merksam på at ein del kjemikalier påvirker anlegget sin reinsefunksjon.

- Minst ein gong i året skal utskiljaranlegg tømmast fullstendig og reingjerast grundig med varmt vatn. Spylevatn skal ikkje førast ut på kommunalt leidningsnett, men sugast opp av slambil. Alle overflater skal vedlikehaldas og kontrolleras (gjeld òg tidsur, skrapeverk, pumper og ventiler etc).
- Større mengder fett, som til dømes frityrfett/-olje, skal ikkje førast til utskiljaranlegg, men samlast opp og leverast til godkjent mottak. Dokumentasjon på dette skal ligge føre ved kontroll frå kommunen.
- Det skal ligge føre **skriftleg avtale med godkjent tømmeoperatør**. Avtalen skal omfatte **minimum 4 tømminger og 2 temperaturlogger per år**. Tømmeoperatør kan òg ha rapportering til kommunen. Dette skal da komme fram av inngått avtale. **Kommunen skal, til ein kvar tid, ha kopi av gyldig tømmeavtale. Avtalen skal være signert av begge partar.**
- Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn av anlegg for å unngå driftsproblem, som til dømes tetting av rør, oversvømming/tilbakeslag og luktproblem. Anleggseigar skal òg sørge for at anna avfall ikkje vert ført på utskiljaranlegget (slam, stein, matrestar, plashansker etc).
- **For anlegg skal det førast driftsjournal**. I driftsjournalen skal tømmeoperatør føre inn når anlegg vart tømt, mengde fett som vart tømt, når temperaturlogging vart utført og driftsstans i samband med vedlikehald av anlegg. Driftsjournal skal være tilgjengeleg for kommunen ved kontroll. Skjema får ein ved å vende seg til kommunen.
- **Årsrapport**: Det skal sendast inn årsrapport for anlegg kvart år. Årsrapporten skal innehalde tømmerapportar, temperaturlogger og kopi av driftsjournalen. Rapporten skal være kommuen i hende seinast **1.februar påfølgjande år**. Bedrifter som har gode drift/vedlikehold og rapporteringsrutiner vil redusere kommunen sitt behov for å føre tilsyn.
- Ved ferdigmelding av anlegg skal det leverast inn «As built» teikningar og situasjonskart som viser tilknytingspunkt til kommunalt leidningsnett. Teikningane skal vise kva som er ført på anlegg. Teikningar og situasjonskart skal være i målestokk (M 1:500)

Det er med heimel i «Standard Abonnementsvilkår for vann og avløp – Tekniske og Administrative bestemmelser», forskrift for fettutskiljar i Lindås kommune, «Utsleppsløve for Lindås kommune» Fylkesmannen i Hordaland, samt forureiningsforskrifta § 15A-4 at Teknisk drift skal setje krav til utskiljaranlegg som skal knyttast på kommunalt leidningsnett. Føremål med krava er å sikre at vegetabils og animalsk fett vert skilt ut frå avlaupsvatn, slik at dette ikkje vert ført ut på leidningsnettet og påfører dette og reinseanlegg skader.

Med helsing

Arne Helgesen
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Promenaden Eiendom As

Kvernhusmyrane 7 5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Hjelmås Vvs As

5915

HJELMÅS